

## Halvårsplan vår -2000

Arrangement	Dato	Måned	Ansvarleg
17. mai	17.	mai	Terje V.
Jubileum Vedvik	20.	mai	Styret
Tur / reise	2.3.4.	juni	Johan W
Jonsok - halvårsavslutning	23.	juni	Styret
Stormfestival	8.9.10.	sept.	Styret

### Ny 17-mai-vri

Komiteen for årets nasjonaldagfeiring i Vågsvåg har endra litt på programmet. Dermed blir tidene slik:

kl. 07.00: Morgenprosesjon Oppedal - Vågsvåg

kl. 11.00: Kombinert barne- og folketog fra byggefeltet

kl. 12.00: Barneleikar sal av rømmegraut, pølser, is, kaffi, brus.

Kl.13.30: Program, underholdning og tale for dagen.

Torskangerpoll Musikklag vil gratulere alle med nasjonaldagen.

### Jubileumsskrift

I samband med at Torskangerpoll Musikklag i år er åtti år, er det laga eit 24 siders jubileumsskrift over historia til laget. Ivar Torskangerpoll og Erling Wåge har laga heftet som du kan få kjøpe ved å kontakte: John Svarstad, Holvik, 6700 Måløy, Tlf: 57850231



### Få med deg Vredens Gnag

Støtt Torskangerpoll Musikklag med 100 kroner for eit år. Då får du blant anna denne avisa, Vredens Gnag, i posten ein gong i månaden.

Våre støtte-spelalarar:



### Tipp og vinn

Kor mange år er Torskangerpoll Musikklag

Send svaret til:

**Vredens Gnag**

Vågsvåg  
6700 MÅLØY

### Rettsvar sist

Sei namnet på ein av plantane til Ane Løvseth?  
Rettsvar:

Sol

Natalie og Eirik Øvrelid Rogne  
Syvergarden 15  
6030 Langwvåg

Torskangerpoll Musikklag 80-år

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 5

7. årgang

Laussal: Gratis

Mai 2000

## Treng stormhjelparar!

Det er rekord-pågang til haustens stormfestival som skal arrangerast 8. 9. og 10. september. Truleg blir dette den største korpsmønstringa i distriktet nokong med over 500 deltakarar. Korpsa kjem frå heile sørnorge, og fleire har vore her før, og gler seg til å komme igjen. Vil du vere med å hjelpe til, så ta kontakt med

Johan E. Wåge,  
57854401 eller 91128027.

Planlegginga av denne korpsfesten er i full gang, og korpsa gler seg til å komme på besøk til Måløy og Torskangerpoll. Det er sett ned fleire komitéar som skal ha ansvaret for dei ulike arrangementa. Størst spenning knyter deg seg for dei tilreisande til den planlagde rorbustefesten i Torskangerpoll lørdag ettermiddag. Elles så blir festivalen stort sett som tidlegare år.



Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872

E-mail: «erlingw@sf.telia.no»

Heimeside: <http://home.telia.no/t.poll/>



Andre-  
as og  
Jan  
Magne  
impon-  
erte  
med  
Xylofon-  
solo.



Helene spelte  
og sang  
vakkert og  
stemningsfullt.



## Torskangerpoll med flott jubileumskonsert

Trass sol og nydeleg vør, så fann rundt hundre personar vegen til Turnhallen i Måløy siste søndagen i april. Torskangerpoll Musikklag heldt ein flott konsert, saman med Kvalheim Songlag som var gjestekor, og bidrog til å gjere dette til ein flott musikalsk ettermiddag. Konserten var avslutninga på ei øvingshelg med Eirik Gjerdevik. I staden for portrett denne månaden, så blir det glimt frå konserten som var ein del av korpset si 80-års-jubileumsmarkering

Over er det  
Torskangerpol  
I Musikklag,  
og under ser  
vi Kvalheim  
Songlag.

Tidlegare dirigent Arne (t.v.) dirigerte «Skogtrollet» med konsulentdirigent Eirik som solist på tuba, og noverande dirigent Terje (til høgre) på kornett.



John Inge og  
Lina brtillijerte  
på kornett.

Alle foto: Helge  
Oppedal

